STATENS NATUR OPPSYN

Rapport 28 - 2005

Oppsynsrapport for villreinjakta

i Setesdal- Ryfylke-, Setesdal-Austhei- og Våmur-Roan villreinområde i 2005



SNO, Direktoratet for naturforvaltning

FØREORD

Dette er den fjerde oppsynsrapporten for villreinjakta i Setesdal-, Ryfylke-, Setesdal-Austhei- og Våmur-Roan villreinområde.

Rapporten er skrive av Reidar Johan Sandal, SNO Suldal.

Kontaktpersonar: Reidar Johan Sandal, Statens naturoppsyn, tlf. 908 77 844
Jøren-Ola Ousdal, Setesdal Ryfylke villreinlag, tlf. 38 37 05 63

Suldal, november 2005

Reidar Johan Sandal (Sign.)
SNO Suldal

Framside: Villrein. Foto: Jon-Erling Skåtan.

INNHALD

1 SENTRALE TAL FOR OPPSYNSOMRÅDA 5

2 OPPSYNET SINE PRIORITERINGAR 5

3 ORGANISERING 6

3.1 OPPSYNS-KOORDINERINGSSENTRAL 6
3.2 MILJØOVERVAKING 6
3.3 MANNSKAP 7

4 STATISTIKK 7

4.1 ANMELDELSAR OG ADVARSLAR (OPS) 7

5 KOMMENTARAR TIL JAKTA 2005 8

5.1 SETESDAL-RYFYLKE 8
5.2 SETESDAL-AUSTHEI 8
5.3 VÅMUR-ROAN 8
5.4 GENERELT 8

Vedlegg: Fellingsstatistikk for Setesdal Ryfylke (tabellen er mottatt frå Setesdal-Ryfylke Villreinnemnd)

1 Sentrale tal for oppsynsområda

	Setesdal/ Ryfylke villreinområde	**Setesdal Austhei villreinområde**	**Våmur Roan villreinområde**	**Sum**
Teljande areal	6.434 km^2	2.390 km^2	75 km^2	8.899 km^2
Tildelt kvote	753	277	20	1050
Fellingsresultat	192	111	15	318

2 Oppsynet sine prioriteringar

Villreinen er ein spesiell ansvarsart for Noreg. Villreinen og villreinjakt har betydd og betyr mykje for mange fjellbygder i Noreg. Det er eit mål at tilhøva for villreinen og jakttradisjonane blir ført vidare.

Utfordringane er mange, noko det vart sett sterk fokus på i temaheftet "Villrein og samfunn" (VISA) som vart utarbeidd i 2003/2004. I rapporten vart det m.a. sett fokus på samhandling mellom ulike interessegrupper og utveksling av kunnskap.

I dag er det jakta som i stor grad påverkar storleiken på villreinbestandane, samansetjing dynamikk og åtferd. Det er spesielle utfordringar knytt til utøving av villreinjakt. Dette har m.a. samanheng med at jakta går føre seg i ope fjellterreng, på større og mindre flokkar, og at det kan bli mange jegerar konsentrert innanfor avgrensa område der dyra står. Det har og vore ein del oppslag i media om skadeskyting og episodar med uforsvarleg og inhuman jakt. Det har difor i mange år vore sett inn ekstra ressursar både frå private rettshavarar og det offentlege for å få organisert eit effektivt oppsyn.

Villreinoppsynet har ei viktig oppgåve i arbeidet med å nå dei måla som er sett. Gjennom oppsyn i form av informasjon, rettleiing og kontroll med at jakta går føre seg på ein human og sikker måte, og at jegerane følgjer dei lovar og reglar som gjeld i jaktutøvinga, kan det dokumenterast at jakta går føre seg på ein forsvarleg måte, og at det vert reagert på lovbrot.

Prioriteringane for villreinjakta i dei tre områda har difor vore slik:

1. Informasjon, rettleiing og oppsyn til stades i terrenget.
2. Kontroll med viltlova sine reglar om human og sikker jakt og om ettersøksplikt.
3. Heilskapleg oppsyn med lokale prioriteringar.

3 Organisering

Planlegginga skjedde også dette året i regi av SNO i Setesdal-Ryfylkeheiane og villreinlaga. SNO inngjekk avtale med villreinlaga om kjøp av oppsynstenester i felt for inntil kr. 87.479,-. I tillegg var det sett av kr. 15.000,- til oppsynskurs/samling over to dagar i Kinsarvik. Totalt vart det brukt kr. 99.500,-. Dette gjev eit restbeløp på kr. 2979,- som blir ført over til oppsyn neste år. Setesdal-Ryfylke villreinlag foresto det administrative i denne avtalen. Avtalen vart finansiert av viltfondet over DN sitt budsjett samt sjølvpålagt avgift frå grunneigarane og administrativt bidrag frå villreinlaga.

SNO stilte til rådvelde naudsynt materiell, kommunikasjons- og tryggleiksutstyr til personellet. Innleidd personell arbeidde etter skriftleg instruks frå SNO. Dagleg leiing av oppsynet var eit samarbeid mellom SNO i Setesdal-Ryfylke og oppsyns-ko på Skinnarbu.

3.1 Oppsyns-koordineringssentral

Også i år var oppsynet under villreinjakta knytt til ein felles koordineringssentral. Oppsyns-ko er lokalisert til SNO sine kontor i Nasjonalparksenteret på Skinnarbu. Senteret koordinerar sju villreinområder. Forutan de tre villreinområda i sør, er dette Brattefjell-Vindeggen, Norefjell-Reinsjøfjell, Blefjell og Nordfjella. Her har naturoppsynet vore tilgjengeleg på telefon og VHF-radio for mannskapa i felt og på telefon for jegerane. Mannskapet på senteret har i samarbeid med SNO i Setesdal-Ryfylke stått for den daglege leiinga av oppsynet. Viktige oppgåver for senteret var også å driva service, informasjon og rettleiing for jegerane med omsyn til dyremeldingar og jaktutøving, samt eit kontaktpunkt for forvaltninga med omsyn til fallvilt, handtering av valdkart og liknande.

3.2 Miljøovervaking

Det er samla inn prøvar for NINA for analyse av radioaktiviteten på villrein i Setesdal-Ryfylke. Frå vaksne simler er det teke kjøttprøvar og kjevar. Det vart samla inn 13 prøvar. Villreinlaga samla inn kjevar frå alle kategoriar dyr. Me takkar alle som har hjelp til med innsamlinga.

3.3 Mannskap

Følgjande personar har vore med på å utføra teneste i dei tre villreinområda:

Gunhild Eikhom	Villreinlaga
Karl Gunnar Hoven	”
Lars Egil Libjå	”
Ola Mosdøl	”
Geir Moe	“
Steinar Sunde	Agder politidistrikt
Peter Hermansen	SNO
Jon-Erling Skåtan	”
Carl Erik Kilander	”
Peder Johan Pedersen	”
Reidar Johan Sandal	”

Mannskapa har i hovudsak blitt disponert i patruljer med to personar. Tenesta i fjellet var lagt opp som ei turnusordning der det i hovudsak var ei patrulje midt i veka. I helgane var det to patruljer ute.

4 Statistikk

	2000	**2001**	**2002**	**2003**	**2004**	**2005**
Timar i felt	1520	1104	1008	704	614	704
Teneste admin.	-	250 *	130*	150*	80*	80*
Personar kontrollerte	133	68	49	53	39	69
Personar informerte i felt	50*	30 *	20*	42	41	85
Telefonar til oppsyns-ko	-	1495**	1293**	1200**	450**	1102**
Anmeldelser	5	6	1	1	0	1
Advarslar (OPS)	12	18	5	2	0	1
Obs. skadd rein	9	5	2	1	1	0
Avliva skadd rein	3	3	3	3	1	0
Funn av død rein	1	2	0	1	0	0

* ikkje eksakte tal. ** gjeld alle 7 villreinområda

4.1 Anmeldelsar og advarslar (OPS)

Det vart gjeve advarsel til ein person som ikkje hadde med seg jegeravgiftskort. Ei sak er meld etter jakta. Det gjeld mistanke om ulovleg jakting på reinsdyr etter at jakta var slutt (i oktober).

5 Kommentarar til jakta 2005

5.1 Setesdal-Ryfylke

Det vart brukt 510 timer i felt i Setesdal-Ryfylkeheiene. Jakta var prega av sydlege og vestlege vindar. I starten stod ein god del av dyra på Suldal og i Bykle. Etter kvart kom flokkar lenger sør og vest ut mot Blåsjø. Terrenget her er kupert og vanskeleg, kombinert med skodd blir det vanskeleg å finna dyra. I Sørområda stod dei mykje nord i Valle i starten, men her og såg me trekk heilt ut på vestsida av Svartevassmagasinet og ned mot Brokke-Suleskardvegen aust for Roskrepp.

5.2 Setesdal-Austhei

150 av timane i felt er brukte her. Kvotane var større dette året, og det vart sett inn ein god del meir ressursar i dei sørlege delane av området. Dyra er mykje i skogen her, og det er svært vanskeleg å få oversikt. Det vart observert ein god del både dyr og jegerar her.

5.3 Våmur-Roan

44 av timane er brukte her. Det er Gunnhild Eikhom som går oppsyn i Våmur-Roan. Det er ein fordel å ha ein person som er lokalkjend og er nært knytt til dette området. Våmur-Roan er prega av at dyra lever i skogen og er vanskelege å finna. Området er lite og velorganisert, og jakta har eit lite omfang.

5.4 Generelt

Jakta har vore roleg og fin. Det er ikkje meldt om stygge episodar eller skadeskotne dyr. Sjølv om kvotane er langt mindre no enn for nokre år attende, vel me å tru at jaktmoralen har endra seg. Jegerane er opptekne av å jakta på ein forsvarleg og fin måte.

SETESDAL VESTHEI - RYFYLKE VILLREINOMRÅDE 2005

Felling registrert der dyret ble skutt (kommune) - uavhengig av kortopphav.

Kommune	Tellende areal (da)	Tildelt kvote/ fordeling: Tildelt kvote	kalv	simle/ ungdyr	simle	fritt	Felling: KALV Bukk	KALV Simle	1½-ÅRING Bukk	1½-ÅRING Simle	VOKSEN Bukk	VOKSEN Simle	SUM Bukker	SUM Simler	SUM FELTE DYR	FELL. %
GJESDAL	20000	2	1	0	1	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0,0 %
HJELMELAND	512350	65	33	9	13	10	1	1	0	1	0	1	1	3	4	6,2 %
FORSAND	425500	52	27	6	12	7	1	0	0	0	1	1	2	1	3	5,8 %
SULDAL	796265	98	52	14	19	13	7	3	0	1	7	5	14	9	23	23,5 %
SIRDAL	746450	121	60	18	25	18	1	1	0	1	9	3	10	5	15	12,4 %
KVINESDAL	441003	57	29	9	11	8	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0,0 %
HÆGEBOSTAD	75500	8	3	0	2	3	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0,0 %
ÅSERAL	393920	50	25	7	10	8	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0,0 %
BYGLAND	418560	58	30	10	12	6	0	0	2	0	0	2	2	2	4	6,9 %
VALLE	604975	77	39	11	16	11	10	9	3	4	14	30	27	43	70	90,9 %
BYKLE	971059	123	61	18	26	18	15	13	3	1	12	24	30	38	68	55,3 %
VINJE	237091	26	12	5	4	5	0	2	0	0	3	0	3	2	5	19,2 %
ODDA	159475	16	6	3	4	3	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0,0 %
Njardarheim **)	632000	81														0,0 %
SUM S-R	6434148	753	378	110	155	110	35	29	8	8	46	66	89	103	192	25,5 %
%-fordeling kvote og felling			50 %	15 %	21 %	15 %	33 %		4 %	4 %	24 %	34 %	46 %	54 %		

**) Kortene til NJH er fordelt på kommunene etter hvordan Njardarheim har arealfordeling, og felling er fordelt på fallkommune.:

	Årskalv	1½-åring	Voksne	Sum
Hanndyr	35	8	46	89
Hunndyr	29	8	66	103
Sum	64	16	112	192

Felling registrert i kommunen/ valdet der kortet kommer fra/ fellingstillatelsener gitt

Kommune	Tellende areal (da)	Tildelt kvote/ fordeling: Tildelt kvote	kalv	simle/ ungdyr	simle	fritt	Felling: KALV Bukk	KALV Simle	1½-ÅRING Bukk	1½-ÅRING Simle	VOKSEN Bukk	VOKSEN Simle	SUM Bukker	SUM Simler	SUM FELTE DYR	FELL. %
GJESDAL	20000	2	1	0	1	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0,0 %
HJELMELAND	512350	65	33	9	13	10	1	1	0	1	1	6	2	8	10	15,4 %
FORSAND	425500	52	27	6	12	7	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0,0 %
SULDAL	796265	98	52	14	19	13	7	3	0	1	7	5	14	9	23	23,5 %
SIRDAL	746450	121	60	18	25	18	1	1	1	1	6	1	8	3	11	9,1 %
KVINESDAL	441003	57	29	9	11	8	4	3	0	1	4	5	8	9	17	29,8 %
HÆGEBOSTAD	75500	8	3	0	2	3	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0,0 %
ÅSERAL	393920	50	25	7	10	8	2	4	2	0	1	5	5	9	14	28,0 %
BYGLAND	418560	58	30	10	12	6	0	0	2	0	0	2	2	2	4	6,9 %
VALLE	604975	77	39	11	16	11	4	1	1	0	5	7	10	8	18	23,4 %
BYKLE	971059	123	61	18	26	18	10	7	0	1	8	20	18	28	46	37,4 %
VINJE	237091	26	12	5	4	5	0	2	0	0	3	0	3	2	5	19,2 %
ODDA	159475	16	6	3	4	3	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0,0 %
Njardarheim **)	632000	81					6	7	3	3	12	13	21	23	44	54,3 %
SUM S-R	6434148	753	378	110	155	110	35	29	9	8	47	64	91	101	192	25,5 %